



Modalen kommune
Mo 3
5729 MODALEN

Referanser:

Dykkar: Ref.:FDA7TU- Skjemanr.:208
Vår: 22/277 - 22/2104

Saksbehandlar:

Aina Holmås Norvoll
aina.holmas@modalen.kommune.no

Dato:

10.10.2022

Melding om delegert vedtak - Søknad om einskildløyve

Delegasjonssak nr.: 008/2022

Viser til din søknad om skjenkeløyve datert 27.09.2022.

Med heimel i alkohollova, og etter delegert fullmakt fatta av kommunestyret, vert det gjeve skjenkeløyve i eit einskild høve til Modalen kommune v/Lin Tove Thomassen i samband med revyframsyning i Bryggjeslottet laurdag 22.10.2022.

- a) Løyvehavar er Modalen kommune
- b) Styrar for løyvet er Jan Erik Farestveit.
- c) Skjenketida for øl og vin vert sett til kl. 18:30 – 22:30.
- d) Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halvtime etter at skjenketida er slutt.
- e) Løyvet gjeld innomhus i Bryggjeslottet, og innanfor eit avgrensa området ved inngangsdøra. Området ved inngangsdøra skal fysisk sperrast av.
- f) Utskjenka alkohol skal ikkje takast med utomhus eller utanfor avgrensa området.
- g) Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkohollova og forskrifta til alkohollova vert fylgde.
- h) Aldersgrense på arrangementet skal vere 18 år.
- i) Det skal vere tilgang til alkoholfri drikke.

Kommunen har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Sakshandsamar Aina Holmås Norvoll.

Med helsing

Aina Holmås Norvoll

Sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Kopi til:

Nils Heradstveit

Mottakere:

Modalen kommune

Mo 3

5729

MODALEN